

Referat styremøte i Bygland IL 04.06.19

Til stades:

- Eivind Dalseg
- Sigve B. Jacob
- Leif S. Helle
- Ragnhild Sordal
- Gunnar Haugå

Nye medlem i styret og ansvarsområder:

Eivind Dalseg - referat & møteinnkallingar

Torgeir Besteland - Color Line Tour

Color Line Tour

Sigve orienterte kort om årets arrangement. Dette var vel gjennomført, og det vart tatt betalt for toalett, bord, oppvask, lamper mm. Endeleg sum til idrettslaget var ikkje avgjort, men Sigve og Torgeir skulle forhandle om dette.

Møtedagar for styret

Det vart drøfta ulike møtedagar for styremøta framover. Ein landa på at torsdagane passa best, då med nokonlunde same tidspunkt.

Ny nettside

Det var ikkje gjort meir arbeid med å få på plass ny nettside. Eivind fekk ansvar for å kontakte Trond mtp. Dette.

Aktivitetsplan

Ulike delar av aktivitetsplanen vart drøfta. Dårleg oppmøte på f.eks. Fotball vart problematisert. Mogleg ein må sjå på meir individuelle idrettar etterkvart. Tidspunktet for handballtreningar vart ikkje avklart på møtet, men Ragnhild skulle undersøke med Widar angående eventuell flytting av forskyve fotballtrening ein halvtime på torsdag. Ein vart einige om å arbeide vidare med planen etter sommaren, men at ein skulle prøve å få til det ein har på planen.

Ridehall

Kort orientering om ridehallen. Det var usikkerheit knytt til mogleg kostnadssprekk i prosjektet. Usikkerhet om inntil 150 000 skulle dekkast av idrettslaget. Det var søkt om og godkjent 350 000 inn frå Gjensidige. Ein vart einige om at summene som vart oppgjeve på styremøter skulle skrivast ned i referata. Leif S skulle høyre med Knut om han følgjer opp prosjektet.

Løypemaskin

Det har vorte løyva 50 000kr frå Valle sparebank. Signe B. har fått munnleg svar på søknad til sparebanken sør på 100 000kr. Leif S skulle prøve å få tak i vedtaksbrevet. Ellers er det ikkje handla inn noko maskin, men det vart gjeve fullmakt til dette på årsmøtet.

Førespurnad frå utstyrssentralen

Utstyrssentralen har sendt forespørsel om å låne kanoar ned til Presteneset. Leif foreslo å flytte mest mogleg av idrettslaget sitt utleigeutstyr ned til sentralen. Dette grunngeva med at utstyret skal vere mest mogleg i bruk. I tillegg er det stort press på enkelte styremedlem for å låne utstyr. Dette vart einstemmig vedteke i styret. Sigve skulle derimot høyre litt rundt framtidig vedlikehald av utstyret.

Sesilåmi

Resultatet etter sesilåmi vart oppgjeve til 65 000kr pluss 12 000kr for sanitet som skal delast med Valle.

Bytte av bankforbindelse

Det hadde ikkje vore gjennomført bytte av bankforbindelse til Valle sparebank. Ein vart einige om å vente med dette til kontigenten hadde kome inn.

Brønnøysund

Det var noko uklarheiter mtp. Adressa til idrettslaget i Brønnøysundregisteret. Leif S skulle sjekke opp i dette.

Neste møte

Det vart avtalt at neste møte burde vere i august.